

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 30.01.2014
Møtetid: 09.00
Stad: Møterom Anga 4. etg. Førde rådhus
Møtenr.: 1/2014

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordfører(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

Sak 001/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 002/14 Skriv og meldingar.
Sak 003/14 Møteplan for kontrollutvalet i Førde.
Sak 004/14 Val av eining til orientering i kontrollutvalet.
Sak 005/14 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.
Sak 006/14 Oppfølgingsliste 1-2014 Førde.
Sak 007/14 Eventuelt.

Førde, 23.01.2014.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802	Hafstadvegen 41	post@sekom.no	951 39 762 Vø 57 72 20 10 57 61 27 86 Vø		987 631 554	3705.08.32571

001/14 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.01.2014

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.01.2014	001/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/14 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 23.01.2014.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.01.2014	002/14	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 01-14: E-post frå KRYSS-revisjon til kontrollutvalet – Statusoppdatering forvaltningsrevisjonsprosjekt i Førde kommune «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som kommunen er delaktig i», den 18. november 2014.

SM 02-14: Bystyrevedtak 048/13 – «Byggeregnskap Halbrend Skule»

SM 03-14: Brev frå KRYSS-revisjon til Førde kommune – Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for missleghald, mv, datert 13. januar 2014.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 01-14

Øvrebø Vidar

Fra: Litsheim Charles
Sendt: 18. november 2013 08:36
Til: Øvrebø Vidar
Emne: Statusoppdatering forvaltningsrevisjonsprosjektet i Førde kommune
"Innkjøpsavtaler og innkjøpssamarbeid som kommunen er delaktig i "

Status pr 18.11.2013

Pr no har vi fått innhenta og byrja å analysere dei dokumenta og svara vi har motteke på våre førespurnadar til administrasjonen.

Det er dokument og svar som syner organisering, fullmaktar avtalar kommunen er med i og kommunale styringssystem på innkjøp. Vi har også motteke lenker til intranettet som dokumenterer regelverk rutinar nyttige nettsider og kursdokumentasjon på innkjøp.

Det som står att.

Vi skal i neste veke lage rekneskapsrapportar på detaljnivå som skal ivareta dei føringar som kontrollutvalet la i tinga. (djupdykk på utvald område, og systemrevisjon/overordna revisjon på organisasjonen som heile)

Det arbeidet vil medføre leverandørkontrollar, og etterfølgjande oppfølging med spørsmål til administrasjonen kring dokumentasjon på regeletterleving jf LOA og FOA. (herunder krava til protokoll, evt dokumentasjon på konkurranse og tilhøvet til innkjøpsavtalen om aktuelt)

Vi vert ikkje ferdig med dette arbeidet innan fristen sett i tinginga som er 1. desember 2013.

Vi beklagar dette, men vi voner på å ha ferdig eit rapportutkast innan januar 2014.

Det er fleire årsaker til at dette vil dra noko ut. Prosjekt i andre kommunar med same tema har teke mykje meir tid og ressursar enn planlagd. Forvaltningsrevisor har starta i ny stilling i kommunen og etterfølgjar er ikkje på plass før januar 2014. Vi har til slutt ikkje klart å lukke heilt restansene på tidlegare tingingar frå andre kommunar.

Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning
mob: 91333046
e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
24.10.2013
31.10.2013

Saksnr
057/13
048/13

Sakshandsamar:
Helge Sæterdal

Arkiv:
FE-614, FA-

Arkivsaknr.:
12/3224

Byggerekneskap Halbrend skule

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.10.2013	Byggerekneskap Halbrend skule	114957
18.10.2013	Kontrollutvalet sitt vedtak sak 28 - prosjektrekneskap Halbrend skule	114902
09.10.2013	Revisjonsuttale - sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 221/1063 Rehabilitering av Halbrend skule	114003

Bakgrunn for saka:

Utbygginga av Halbrend skule starta i 2006, med vedtak om å rehabilitere skulen for 50,5 mill. Dette synt seg ikkje å vere mogleg å få til etter at vi hadde prosjektet ute på anbod. Kostnaden med rehabilitering synt seg då å vere høgare enn å bygge nytt. Anbodsrunnen vart avbroten og vi gjekk gjennom prosjektet på nytt.

I det nye prosjektet låg det inne å rive mykje av den eldste delen frå 1974. Etter at den nye anbodsrunnen var avslutta, såg vi at det likevel vart vanskeleg å få ned prisen. Det vart då bevilga nye 13.5 mill i sak 35/09 i Bystyret slik at det samla budsjettet då var på 64.0 mill. I dette budsjettet var det framleis store usikre område som kunne føre til store auka kostnader. Dette var særleg knytt til der ein skulle knyte saman gammalt og nytt bygg og dei delane av bygget som skulle rehabiliterast.

Eit anna område det knytte seg stor usikkerheit til, var byggeleiing/konsulenttenester. I det opphavlege budsjettet var det lagt inn 1.5 mill og kommunalt tilsett byggeleiar. I løpet av prosessen slutta byggeleiar, og kommunen hadde ikkje kapasitet til å erstatte denne med ny kommunal byggeleiar. For å ikkje stoppe opp, så vart det leigt inn eit eksternt firma til å gjere byggeleiaroppdraget. Dette førte til stor auke i kostnaden.

I tidlegare utbyggingar innan skule og barnehage har det vore nytta totalentreprise, men på eit så komplekst prosjekt med rehabilitering av gamle bygningar, så gjekk ikkje det. Det var då valt ei entrepriseform der kommunen stod direkte ansvarleg både for konsulentar og arkitektar. Med ekstern byggeleiar i tillegg, så gav dette dårleg styring med prosjektet. Undervegs i prosjektet vart prosjektleinga styrka med ein tilsett i Førde kommune for å fylgje opp tettare.

No når prosjektet er ferdig, er det gått med kr 11.723.615 til byggeleiing/konsulent-

og arkitekttenester /arkitekt; kr 10.223.615,- meir enn opprinneleg avsett til dette. Med ekstern prosjektleiar som ikkje hadde kontor i Førde, vart det også behov for koordinering mellom dei ulike entreprenørane. Her fekk Terje Sunde tilført 750.000,- ekstra for å gjere den jobben.

Undervegs i byggeprosjektet synte det seg også at det var behov for å skifte ut meir av den gamle delen, m.a. nytt ventilasjonsanlegg i den eine delen. I tillegg var det også andre utfordringar som dukka opp. Det betyr at det er påløpt kostnader utover anbodet som fylgja av ekstraarbeidet både for hovudentreprenør Terje Sunde og for dei ulike underentreprenørane.

Dette vart også eit prosjekt som gjekk over lang tid. Hovudgrunnen til det var utfordringane med å drive skule samstundes som ein reiv og bygde nytt. Den lange byggetida påførte prosjektet ekstra prisstigning på ca 1.3 mill utover dei 1.2 som var lagt inn i kalkylane for prosjektet.

Det synte seg også at den avsette summen på 2 mill til inventar vart for liten etter at så mykje av bygningsmassen måtte rivast. Dette førte til ca 1 mill i overskriding.

Det vart meldt tilbake til politisk nivå om kostnadsutfordringane, og det vart gjort budsjettjusteringar på tilsaman 13,5 mill slik at samla vedteke budsjett no er på 77,5 mill. Dette vart gjort i sak 25/11 i Formannskapet og i sak 54/ 11 i Bystyret.

Utfordringane vart enno større enn det reviderte budsjettet tok høgde for, og samla kostnad for prosjektet er no kome opp i kr. 87.181.716,-.

Dette medfører ei overskriding på kr 7.911.727 etter at momskompensasjon på 1.689.989. er trekt frå. I tillegg er det kome inn inntekter på kr. 80.000,- for leige av serverrom som er trekt frå. Overskriddinga på kr. 7.911.727,- må dekkast inn med låneopptak. Det var også kalkulert inn 400.000.- til enøktiltak i prosjektet, men dette fall vekk som fylgje av den lange byggetida.

Det var opphavleg ikkje sett av 1% av budsjettet til utsmykking slik det skal i fylgje reglement i Førde. Grunnen til det var den pressa økonomiske situasjonen i Førde, og at Halbrend skule vart så mykje dyrare enn det var avsett midlar til. Skulen har likevel i prosessen kome med innspel om at det måtte nyttast ein mindre sum ,og det er nytta ca 150.000,-.

KONKLUSJON

Det er svært uheldig at prosjektet er blitt så mykje dyrare enn budsjettet, men alternativet var å avslutte utbygginga/rehabiliteringa før ein var ferdig. Det ville heller ikkje vere ei gunstig løysing. Rådmannen oppfatta heller ikkje formannskapet slik i samband med dei periodiske rapporteringane av byggeprosjekta

Hovudgrunnen til den auka kostnaden er mykje meir arbeid enn føresett i rehabiliteringa p.g.a. dårleg kvalitet på bygget frå 1974 kombinert med at det var eit ugunstig marknad med liten konkurranse om anbodet. Men erfaringane med å ikkje ha tilsett kommunal byggeleiar, og særleg med denne entrepriseform, er heller ikkje gode. Dette syner ikkje minst den store auken i kostnadane med byggeleiar/konsulenttenester.

Men konklusjonen er elles at vi har fått eit godt og oppdatert bygg på Halbrend skule.

Formannskapet og bystyret har undervegs i prosjektet vorte haldne orienterte om kostnadsutviklinga i prosjektet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 04.09.2013, for rehabilitering av Halbrend skule, prosjektnr 221/1063 vert godkjend
2. Meirforbruket på kr. 7.911.727 vert finansiert ved låneopptak

Handsaming i Formannskapet 24.10.2013:

Samrøystes tilråding

FORM-057/13 Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen, datert 04.09.2013, for rehabilitering av Halbrend skule, prosjektnr 221/1063 vert godkjend
2. Meirforbruket på kr. 7.911.727 vert finansiert ved låneopptak

Handsaming i Bystyret 31.10.2013:

Samrøystes vedtak

BY-048/13 Vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 04.09.2013, for rehabilitering av Halbrend skule, prosjektnr 221/1063 vert godkjend
2. Meirforbruket på kr. 7.911.727 vert finansiert ved låneopptak

Førde, den 01.10.2013

Ole John Østenstad
Rådmann

Helge Sæterdal
Kommunalsjef
Tlf. 57612703

Førde kommune
v/Rådmannen
Førde Rådhus
6800 FØRDE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\misleghaldtilsyn14/tf14

Arkivkode:

216

Journalnr.:

028 / 2014

Dokumentdato:

13. januar 2014

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Førde Bystyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 27 91, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16


Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *relasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om at rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2014.

Førde, 13. januar 2014

Med helsing



Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonsjef



Kopi: Kontrollutvalet i kommunen

03/14 MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme, SEKOM- sekretariat
Dato: 02.01.2014

Utval	Dato	Saksnr	Vedtaks-organ
Kontrollutvalet i Førde	30.01.2014	03/14	Ja

Saksvedlegg:

Forslag til møteplan.

Møteplan for Førde kommune 2014

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Møteplan for kontrollutvalet i Førde for 2014 vert godkjent.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

MØTEPLAN 2014 FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Førde for 2014.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker. Møteinnkalling vert sendt ut om lag ei veke før møtedato.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE 2014

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	20		5	8	7	11			8	20		8
FORMANNSKAP	16-23.	6 - 13.	6 -13 -20.	3 - 10.	8 - 15.	5 - 12 - 26.		21 -28.	4 - 11 - 18.	2 - 16 - 23.	6 - 13 - 27.	4
BYSTYRE	23	27	27	24	22	19			25	30	20	11

Møteplan for Førde kommune (godkjent i formannskapet 12.01.2013)

År: 2014

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
1 On Veke 1	1 Lau	1 Lau	1 Ty	1 To	1 Sun	1 Fr	1 Fr	1 Ma Veke 36	1 On	1 Lau	1 Ma Veke 46
2 To	2 Sun	2 Sun	2 On	2 Fr	2 Ma Veke 23	2 Lau	2 Lau	2 Ty	2 To	2 Sun	2 Ty Eldrerådet/KRMF
3 Fr	3 Ma Veke 5	3 Ma	3 To	3 Lau	3 Ty	3 Sun	3 Sun	3 On	3 Fr	3 Ma Veke 45	3 On
4 Lau	4 Ty	4 Ty	4 Fr	4 Sun	4 On	4 Ma Veke 32	4 Ma	4 To	4 Lau	4 Ty	4 To Møtedag
5 Sun	5 On	5 On	5 Lau	5 Ma	5 To	5 Ty	5 Ty	5 Fr	5 Sun	5 On	5 Fr
6 Ma Veke 2	6 To	6 To	6 Form.s.k.	6 Ty	6 Fr	6 On	6 On	6 Lau	6 Ma Veke 41	6 To	6 Lau
7 Ty	7 Fr	7 Fr	7 Ma	7 On	7 Lau	7 To	7 To	7 Sun	7 Ty	7 Fr	7 Sun
8 On	8 Lau	8 Lau	8 Ty	8 To	8 Sun	8 Fr	8 Fr	8 Ma Veke 37	8 On	8 Lau	8 Ma Veke 50
9 To	9 Sun	9 Sun	9 On	9 Fr	9 Ma Veke 24	9 Lau	9 Lau	9 Ty	9 To	9 Sun	9 Ty
10 Fr	10 Ma Veke 7	10 Ma	10 To	10 Lau	10 Ty	10 Sun	10 Sun	10 On	10 Fr	10 Ma Veke 48	10 On
11 Lau	11 Ty Eldrerådet/KRMF	11 Ty	11 Fr	11 Sun	11 On	11 Ma Veke 33	11 Ma	11 To	11 Lau	11 Ty Eldrerådet/KRMF	11 To Bystyre
12 Sun	12 On	12 On	12 Lau	12 Ma	12 To	12 Ty	12 Ty	12 Fr	12 Sun	12 On	12 Fr
13 Ma Veke 3	13 To	13 To	13 Sun	13 Ty	13 Fr	13 On	13 On	13 Lau	13 Ma Veke 42	13 To	13 Lau
14 Ty	14 Fr	14 Fr	14 Ma	14 On	14 Lau	14 To	14 To	14 Sun	14 Ty	14 Fr	14 Sun
15 On	15 Lau	15 Lau	15 Ty	15 To	15 Sun	15 Fr	15 Fr	15 Ma	15 On	15 Lau	15 Ma Veke 51
16 To	16 Form.s.k.	16 Sun	16 On	16 Fr	16 Ma	16 Lau	16 Lau	16 Ty	16 To	16 Sun	16 Ty
17 Fr	17 Ma Veke 6	17 Ma	17 To	17 Lau	17 Ty	17 Sun	17 Sun	17 On	17 Fr	17 Ma Veke 47	17 On
18 Lau	18 Ty	18 Ty	18 Fr	18 Sun	18 On	18 Ma Veke 34	18 Ma	18 To	18 Lau	18 Ty	18 To
19 Sun	19 On	19 On	19 Lau	19 Ma	19 To	19 Ty	19 Ty	19 Fr	19 Sun	19 On	19 Fr
20 Ma Veke 4	20 To	20 To	20 Sun	20 Ty	20 Fr	20 On	20 On	20 Lau	20 Ma Veke 43	20 To	20 Lau
21 Ty	21 Fr	21 Fr	21 Ma Veke 17	21 On	21 Lau	21 To	21 To	21 Sun	21 Ty	21 Fr	21 Sun
22 On	22 Lau	22 Lau	22 Ty	22 To	22 Sun	22 Fr	22 Fr	22 Ma Veke 38	22 On	22 Lau	22 Ma Veke 52
23 To	23 Sun	23 Sun	23 On	23 Fr	23 Ma	23 Lau	23 Lau	23 Ty	23 To	23 Sun	23 Ty
24 Fr	24 Ma Veke 9	24 Ma	24 To	24 Bystyre	24 Lau	24 Ty	24 Sun	24 On	24 Fr	24 Ma Veke 49	24 On
25 Lau	25 Ty	25 Ty	25 Fr	25 Sun	25 On	25 Ma	25 Ma	25 To	25 Lau	25 Ty	25 To
26 Sun	26 On	26 On	26 Lau	26 Ma Veke 22	26 To	26 Ty	26 Ty	26 Fr	26 Sun	26 On	26 Fr
27 Ma Veke 5	27 To	27 To	27 Bystyre	27 Sun	27 Fr	27 On	27 On	27 Lau	27 Ma Veke 44	27 To	27 Lau
28 Ty	28 Fr	28 Fr	28 Ma	28 On	28 Lau	28 To	28 To	28 Sun	28 Ty	28 Fr	28 Sun
29 On	29 Lau	29 Lau	29 Ty	29 To	29 Sun	29 Fr	29 Fr	29 Ma	29 On	29 Lau	29 Ma
30 To	30 Form.s.k.	30 Sun	30 On	30 Fr	30 Ma	30 Lau	30 Lau	30 Ty	30 To	30 Sun	30 Ty
31 Fr		31 Ma Veke 14		31 Lau		31 Sun			31 Fr		31 On

Datoar for handsaming i formannskapet: 24.04.2014 Åreskrapskap og årsmøling 05.08.2014 Økonomiplanen - handsaming i formannskapet 19.08.2014 Tertiarapport - 1 - 2014 30.10.2014 Tertiarapport - 2 - 2014 27.11.2014 Årsbudsjet - handsaming i formannskapet	Utvala har desse møteidspunkt: Bystyre Formannskapet Formannskapsplanutval Levekårskomite Samtunn og utviklingskomite Eldrerådet Komm. råd for menneske med nedsett funksjonsevne (KRMF) Arbeidsmiljøutval (AMU) Møtedag=	Møtetid: Sunnfjord kl. 10.00 Anga kl. 18.00 Anga kl. 19.00 Anga kl. 14.00 Anga kl. 14.00 Anga kl. 09.00 Anga kl. 12.00 Anga kl. 13.00 Anga kl. 06.00 Anga kl. 14.00 Anga kl. 14.00 Anga kl. 15.00 Anga kl. 18.00	Samrbeidssturn i Sunnfjord (SIS): 26.05., 22.09. og 24.11.14 28.04.* 11.-12.05., 14.10. og 09.-10.12.14 *Møte i fylkestinget dersom nok saker 27.05., 23.06. og 25.11.14
---	---	---	--

* = Bystyre kl. 10.00, formannskapsplanutval kl. 18.00

04/14 VAL AV EINING TIL ORIENTERING I KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.01.2014	004/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 022/09 «Kontrollutvalsarbeid – tiltak»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om.....

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

VAL AV EINING TIL ORIENTERING I KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet vel eining som skal kallast inn for å gje ei orientering i kontrollutvalet på neste møte i september.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 22/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 10.11.2009 vart det gjort vedtak om blant anna å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

Sist kontrollutvalet kalla inn administrasjonen for å gje ei orientering om ei eining, var det Skatteoppkrevjaren som gav ei orientering i april 2012.

005/14 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.01.2014	005/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Bystyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Brev datert 8.01 2014 frå Kryss Revisjon: Vurdering av uavhengigheit 1432 Førde kommune.

Brev datert 8.01 2014 frå Revisjonssjef forvaltning Charles Litsheim: Vurdering av uavhengigheit – Revisjonsplanen for m.a.Førde kommune 2014..

Brev datert 13.01 2014 frå Kommunerevisor I Kari Sygna: Vurdering av uavhengigheit – Revisjonsplanen for Førde kommune 2014.

Brev datert 2.01 2014 frå Forvaltningsrevisor Stig Årdal: Vurdering av uavhengigheit – gjort konkret og individuelt: Revisjonsplanen for m.a. Førde kommune 2014.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.

Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande.

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon for Førde kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 8.01.2014 til vitande.

Kontrollutvalet tek operasjonell/utøvande finansiell revisor for Førde kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 13.01.2014 til vitande.

Kontrollutvalet tek forvaltningsrevisor for Førde kommune si eiga vurdering av uavhengigheit datert 2.01.2014 til vitande.

Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon for Flora kommune, har i brev datert 8.1.2014 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.
Charles Litsheim, oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon for Flora kommune, har i brev datert 8.1.2014 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.
Kari Sygna, Operasjonell/utøvande finansiell revisor for Førde kommune, har i brev datert 13.1.2014 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg
Stig Årdal, forvaltningsrevisor for Flora kommune, har i brev datert 2.1.2014 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i KommuneLOVEN § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Førde kommune.

*Til Kontrollutvalet
i Førde kommune*

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Revplan 2014\
Erklæring2014Førde

Arkivkode:

216&30

Journalnr.:

015 / 2014

Dokumentdato:

8. januar 2014

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT 1432 FØRDE KOMMUNE

Innleiing:

Førde kommune sin revisor er *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*; etablert som eit interkommunalt revisjonssamarbeid, organisert etter Kommunelova § 27, med tilhøyrande samarbeidsavtale og vedtekter. I det daglege nyttar ein forkortinga KRYSS Revisjon. I følge forskrift om revisjon av 15.06.2004, § 15, skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år avgje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen sitt Kontrollutval.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er kun *oppdragsansvarlege* revisorar som *plikter* å legge fram ei skriftleg vurdering for Kontrollutvalet. I KRYSS Revisjon sine revisjonsplanar vil vurdering av uavhengigheita til kvar einskild revisor i kommunen sitt revisjonsteam, inngå som eit eige punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarleg revisor, og dei øvrige revisorar som har befatning med oppdraget, vil ha utarbeida sine særskilde, skriftlege eigenvurderingar, og desse vil ligge ved som eit vedlegg til dette punktet.

Både Kommunelova (§ 79) og Forskrift om revisjon (kap. 6) stiller krav til revisor sin uavhengigheit. Krava er nærare beskrivne nedanfor.

Lova og forskriftene sine krav til uavhengigheit:

I flg. Kommunelova § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som gjennomfører revisjonsarbeid ikkje:

1. vere tilsett i andre stillingar i kommunen eller i verksemd som kommunen deltek i
2. vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i
3. delta i, eller ha funksjonar i annan verksemd, når dette kan føre til at vedkomande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar, eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som føretek revisjon
4. ha nærståande (ektefelle, sambuar, nære slektningar) som har slik tilknytning til den reviderte at det kan svekke revisor si uavhengigheit og objektivitet.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, mobil 91 74 20 35

Forvaltningsrevisorar:

Revisjonssjef Forvaltning Charles Litsheim,

Telefon: 57612788, 91333046

Forvaltningsrevisor Stig Årdal, 57612810, /90524855

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 27 87

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 27 88, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 28 10, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 27 89, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 27 90, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 47 65 50 93

I tillegg stiller lova, § 79, og revisjonsforskrifta, § 14, følgjande begrensningar:

5. revisor kan ikkje utføre rådgjevingstenester eller andre tenester der dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sin uavhengigheit og objektivitet
6. revisor kan ikkje yte tenester som høyrer inn under den revisjonspliktige (dvs. den reviderte; - kommunen, føretaket, særbedrifta, verksemda) sine eigne leiaroppgåver og/eller kontrolloppgåver
7. revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige; - unnateke ved bistand i skattesaker, m.v., etter domstollova
8. det må ikkje ligge føre andre særigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til revisor sin uavhengigheit og objektivitet ved gjennomføringa av revisjonsoppgåvene

Revisor sin eigenvurdering av punkta ovanfor:

Pkt. 1: Tilsettingsforhold	<i>Underteikna har ikkje tilsettingsforhold i andre stillingar enn i Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon).</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Underteikna er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen tek del i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjonar i annan verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Underteikna deltek ikkje i, eller innehar funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Underteikna har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunen, som har betydning for min uavhengigheit og objektivitet.</i>
